

Fra: Margareth Nyhammer <mafrony@hotmail.no>
Sendt: 27. august 2014 11:22
Til: Postmottak Lindås
Emne: Klage på godkjent reguleringsplan for Alverflaten 137/188

Til Fylkesmannen i Hordaland

Underteikna sende 2/2-13 inn klage på reguleringsplan for Alverflaten 137/188. Vi ser no at planen er godkjent og klagefristen er ute, utan at vi har motteke svar på klage og godkjent plan frå kommunen. Ein kan spørja seg kvifor ? Vi sende inn klage på grunn av mykje heving av terrenget for bygga B1 og B2 og for då å missa mykje av utsikta vi har i dag.

Det vi les av den godkjente planen er at grunnflata på huset vårt ligg på 62 m o.h. , medan dei nye husa skal ha ei mønehøgde på 64 og 64,5 m o.h. . Administrasjonen skriv også at dette ikkje vil påføra oss urimelig tap av utsikt. Noverande terreng for bygga er vel ca 8-10 lavere enn der huset vårt står. Skal det vera naudsynt å heva terrenget og å bygga så høgt, slik at vi mister all utsikt ?

Vi vil med dette klage på reguleringsplanen då det for oss ikkje har vore mogeleg tidlegare Det er enno ikkje for seint å endre den.

Håper fylkesmannen har nokon som har tid å koma å sjå på forholda.

Det var nok ein advokat som skulle skreve denne klagen, men det for koma dersom det vert naudsynt.

Med venleg helsing

Frode Nyhammer og Margareth Nyhammer